

# **Handlingsprogram 2015 – 2018**

**AVDELING 36C  
Funksjonshemma**

**ANSVAR: 3411 og 3431**

# HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2015 – 2018

## Heimetenester til funksjonshemma.

### Mål 2015 - 2018

Helse og omsorgsplan for Gol kommune blir slutført i 2014 og er gjeldande for perioden 2014 – 2025. Planen beskriv Gol kommune sine utfordringar i åra som kjem, og skal vere ein langtidsplan for helse og omsorg, og som vidare skal fungere som eit grunnlag for organisering og utvikling av tenesteområdet i forhold til endra rammevilkår, offentlige føringar og lokale behov dei neste åra.

**Kommunen sin visjon er : «Samarbeid former framtida»**

**Overordna mål for omsorgsavdelinga i kommuneplanen sin tekstdel:**

- **Alle skal oppleve å bli møtt med respekt og tillit**
- **Ulike behov skal møtast med individuell tilrettelegging**

**Omsorgsavdelinga har brukt følgjande visjon dei siste åra: «Omsorgstenester – for mestring av eigen livssituasjon.»**

**Målet er ivaretaking og styrking av brukars egne ressursar og ferdigheter.**

### Overordna mål:

- Gol skal vere ein trygg og god plass å bu for alle menneske med behov for pleie og omsorg.
- Brukarane av tenesten skal ha mulighet til å leve trygt og aktivt i eigen heim.
- Tenester blir ytt etter prinsippet om beste effektive omsorgsnivå.
- Den einkilde brukar skal vere trygg på å få akutt hjelp.
- Pårørande skal vere trygg på å få hjelp og avlastning.
- Gol har eitt tenestetilbod med fagleg riktig kvalitet tilpassa behov.

### Strategiar for å nå måla:

- Heimetenestene er tilgjengeleg for brukarane heile døgnet.
- God kommunikasjon og forventningsavklaring med brukar og pårørande.
- Brukarmedverknad så langt som råd og på brukaren sin premissar.
- Aktivisere brukarene sine egne ressursar, der innlærte ferdigheter vert ivaretatt.
- Aktivt lære unge funksjonshemma å mestre dagliglivets gjeremål

- Aktivt arbeid med arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær

- Kompetansehevande tiltak

**Vi arbeider for å oppnå dette bl.a gjennom:**

Brukermedvirkning i fokus. Brukardialog og kommunikasjon med brukarar – vi er ferd med å utvikle system for dialog med pårørnde- og vil gjennomføre brukarundersøking hausten 2013. Alle brukarar har primærkontakt og sekundærkontakt, ansvarsgruppemøter årleg, jamnleg veiledning i Helse og omsorgstenesteloven kap 9. tvang og makt.

Myndiggjorde medarbeidarar – mange ufaglærte i avdelingane har starta på utdanning for å bli helsefagarbeidar. 2 personar har starta på desentralisert vernepleierutdanning. Vi jobber med etisk kompetanseheving, og annan intern kompetanseheving for å trygge medarbeidaren i arbeidsstusjonen.

Tilretteleggjande leiing – Innføring av nye datasystem som ressursstyring, gjennomføre intern opplæring i tiltaksplaner og riktig bruk av Geric. Ny modul i Notus ressursstyring flexiturnus innførast over tid. Opplæring i bruk av programmet hausten 2014.

Heilskapeleg og tverrfagleg tenking- ny helse og omsorgsplan vil forhåpentlegvis hjelpe oss vidare i dette arbeidet.

\*\*\*\*\*

Heimetenestene til funksjonshemma har tilsaman 51,13 årsverk..

Tenesteområdet består av konsulent for funksjonshemma og tenester til utviklingshemma.

Å drive kvalitativt bra, men også kostnadseffektivt har klar samanheng med kompetanse. Og eitt av våre rekrutteringstiltak bør vere å tilby kompetanseheving i konkurransen om arbeidskraft.

**3411- konsulent for funksjonshemma.**

Gir lovpålagte tenester ut frå Lov om pasient og brukarettigheter, og Lov om helse og omsorgstenester i kommunen kap. 3.

- Personleg assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring samt støttekontakt.

- Avlastningstiltak

**Drift:**

Det er stor etterspørsel etter tenester som støttekontakt og avlastning. Det kan sjå ut som om Gol har svært mange barn og unge med ulike diagnoser som gir rett til tenester ut frå Lov om pasient og brukarettigheter. Desse tenestene er kostnadseffektive og erstattar det vanlege tenesteapparatet og tek omsyn til valfridom for den einskilde brukare.

Dette er tenester på lågaste mulege omsorgsnivå, der det å gi gode tenester og tilbod her kan hindre meir kostnadsdrivande tiltak på sikt. Det blir foreslått å auke postane til støttekontakt, avlastning og omsorgsløn.

Også kommunal garanti i forhold til varig tilrettelagt arbeid, VTA, er det aukande etterspørsel etter. Kvar VTA plass kostar kommunen pr i dag vel 50 000,. Dette er rimelegaste alternative aktivitetstilbod-/jobbtillbod for dei det gjeld.

Vi har også aukande etterspørsel etter «Inn på tunet» tiltak, Brukarstyrt personleg assistanse m.m.

Dette med bakgrunn i at vi har mange unge som treng tenester, og som har krav på tenester. Inn på tunet er relativt kostnadskreivande tiltak for dei som ikkje høver på Vinn AS. Ein tanke er at Gol kommune kunne opprette ei miljøarbeiderstilling knytta til arbeidsoppgåvene til vaktmester -/reinhold og kantine. .

Ein full Inn på tunet tiltaksplass vil koste mellom 200' og 600' alt etter bistanndsbehovet for den einskilde. I tillegg vert dette relativt kunstige oppgåver dersom vi på sikt tenker oss opplæring til å stå i og mestre ein jobb tilnærma ordinært.

### **3431 – Heimetenester til utviklingshemma**

Yter lovpålagte tenester ut frå Lov om pasient og brukarrettigheter, og Lov om helse og omsorgstenester i kommunen kap. 3.

- Helsetenester i heimen
- Praktisk bistand, heimehjelp til dei som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv
- Praktisk bistand opplæring
- Kommunal avlastning barn og unge med serskilde behov

Vi gir tenester pr i dag til **23** personar, inkludert avlastning:

- 17 personar ( 18 fra 1. sept. 2014) får teneste etter Pasient og brukarrettighetsloven §2-1a andre ledd, og kommunal helse-tenesteloven § 3-2 nr 6, bokstav a.
- 3 ( 4 fra sept. 2014) personar mottek teneste retter same paragrafer i eigen heim, annan adresse enn Helsetunvegen.

#### **Tenestene omfattar::**

- Hjelp til dagleglivet sine ferdigheter, diverse innkjøp, mat etc, vask av bustad. Følge til lege, tannlege, fysioterapi, fotpleie.
- Hjelp til å hjelpe seg sjølv.
- Helsehjelp/ivareta eigen helse /personleg hygiene
- Aktivisering/opplevingar
- Sosial kontakt og fysisk aktivitet

- Læring av nye ferdigheter, samt oppretthalde innlærte ferdigheter.

- Hjelp til transport til arbeid og dagaktivitetar

- Tenestene er individuelle, etter kartlegging.(Budda)

1 person mottok tenester etter Pasient og brukerrettighetsloven §2-1a annet ledd. Lov om kommunal helse- og omsorgstjenester § 3-1, for å oppfylle ansvaret etter §3-1 skal kommunen blant annet tilby personleg assistanse, herunder praktisk bistand, opplæring og støttekontakt. §3-2 første ledd, nr 6 bokstav b. Kommune og helsetenesteloven kap 9. rettsikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor personer med Psykisk utviklingshemming. Dette medfører at der må vere 2 personar tilstedes når tvang og makt vert utført. (Kravet er 1 med høgskulekompetanse og ein med 1 årig utdanning innan helse) Dispensasjonar vert gitt frå fylkesmannen i begrensa omfang.

13 personar mottok teneste etter Pasient og brukerrettighetsloven §2-8 ( vilkår for å motta avlastande tenester) Kommune og helsetenesteloven § 3-2 nr 6 bokstav d.( avlastning). Dette er lovpålagte tenester. Tenesten gis etter individuelle vedtak. Antall dagar i veka/ mnd varierer.

## **Drift 2015:**

Tenesteområdet driv ei teneste som i stor grad er lovpålagd og rettighetsstyrt.

Budsjettet byggjer på reell situasjonsanalyse og behovsdokumentasjon, Buddha kartlegging, endringar i brukars tenestebehov vert såleis fanga opp og gir mulighet til dokumentasjon.

Tenestetilbodet blir gjeve i brukarane sine eigne bustader og på arbeidssenteret. Talet på brukarar er høgt i forhold til storleiken på kommunen og omfattar både barn og vaksne. Kommunen får refusjon for ein del av kostnadane til ressurskrevande brukarar.

I Gol kommune er det no fleire ungdommar på veg til å flytte i eigne bustader. Desse vel i større grad enn tidlegare å busette seg utanom dei kommunale bustadane i Helsetunvegen. Kommunen må yte tenester som butrening, praktisk bistand m.m. også til denne gruppa.

Avdelinga har fortsatt stø kurs framover med små skritt om gongen, vi jobber fortsatt med rutiner og prosedyrer for å kome på det nivået vi bør vere. Vi har utfordring knytta til at området er stort og at det er svært mange tilsette rundt kvar brukar- dette medfører at vi ikkje klarer å kvalitetsikre tenestene til den enkelte godt nok ut frå krav frå fylkesmannen. Vi har fått prosjektmidlar til ein 50% stilling i eitt år til å drive med kompetansehevande og brukarretta tiltak. Dette vil starte opp i 2015.

Parallelt jobber vi med arbeidsmiljø og kultur- vi har fortsatt høgt sjukefråvær.

Det vert heldigvis oppstart i høve bygging av nye kontorar til områdeleiarane hausten 2014, samt fellesareal for brukar. I samband med dette vil vi trenge nokon nye kontormøblar- og anna nytt inventar til fellesareal og personafasilitet i nybygget.

I forhold til at området er så stort – og vi veit at det står fleire på trappa i åra som kjem – ønskjer vi å dele området fysisk i 2 – og starte eit forprosjekt i 2015 med tanke på tilskuddsøringa frå Husbanken til nye omsorgsbustader som vi veit vil vare ut 2015.

### **Avlastning:**

Etterspørsel etter kommunal avlastning er stabilt, men vi forventer ein auke allereie hausten 2014 – og utover i 2015 ut frå foreliggende søknader og utgreiingar samt kunnskap om brukargruppa. . Dette er ei lovpålagt oppgåve som me er pliktige til å gi til dei som fyller vilkåra i Lov om pasient og brukarrettigheter, men det er likevel kommunen som bestemmer nivået på tenesten ut frå Lov om helse og omsorgstenester.

I tillegg yter omsorgsavdelinga etter-skule-avlastning for ungdommar som har behov for tilsyn og som ikkje kjem inn under SFO-ordninga. Avdelinga har dessutan fått auka kostnader til avlastning i feriar sidan kommunestyret vedtok å redusere SFO-ordninga

All avlastning skal vera gratis. Avdelinga må også dekke husleige, utstyr til avlastningbustadane og mat til dei som er på avlastning. Transport til og frå avlastning skal dekkes av kommunen.Me treng å styrke driftspostane på husleige, transport-/bilhald, strøm, medisin og mat til det nivået det faktisk ligg på i dag.

### **Gol kommunale arbeidssenter:**

Gol kommune har eit arbeidssenter som gir tilbod om dagaktiviteter til psykisk utviklingshemma.

Det vil bli gitt tilbod til 13 brukarar i 2014. Antal varierer på dagane i veka. 3 brukarar mottok dagtilbod kvar dag heile veka. For 2 av disse brukarane er arbeidssenteret å ansjå som avlastningstilbod, fordi dei bur heime hjå sine pårørande. Hemsedal kommune kjøper plass til ein brukar og Hol kommune kjøper plass til ein brukar.

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, men det er derimot lovpålagt å gi brukarane tilbod om aktivitetar. Jfr.forskrift om kvalitet i omsorgstenestene for tenesteyting etter lov av 19. nov 1982 nr 66 om helsetenesten i kommunene og etter lov av 13 des 1991 nr 81 om sosiale tenester. Sjå også rundskriv «Aktiv omsorg»

Såleis vil ei nedtrapping av aktiviteten ved Gol kommunale arbeidssenter bety ei opptrapping andre stader, og vil såleis ikkje føre til reell innsparing.

### **Endringar i brukargruppa-/ nye lovpålagte tiltak:**

Rett før påske mista vi ein brukar som hadde 1:1 bemanning dag og kveld.

Ressursane som vart brukt til denne brukaren er 2,9 årsverk – ca 1,9 mill. Som konsekvens av dette dødsfallet vil vi også få redusert refusjon frå staten.

#### **Brukar 1:**

Brukar er født i 1995 og bur saman med mor. Ho skal flytte i eigen bustad etter sommaren. Ho har diagnosen psykisk utviklingshemma. Ho klarer pr i dag ikkje å kome seg ut på eigen hand, dette har bl.a ført til at ho har slutta på vidaregåande skule – og siste året har ho ikkje hatt nokon fast aktivitet på dagtid.

Ho har utfordringar i forhold til kommunikasjon, og ho vil trenge mykje opplæring i eigen bustad i forhold til korleis ein vaskar klær, lagar mat, styrer økonomi, dvs. generelt kompetanse i å mestre dagliglivet sitt. Dette medfører at ho vil trenge personar rundt seg både dag og kveld + kvilande nattevakt.

Det er eit mål å få ho ut i arbeid på Vinn frå januar 2015, men ho vil trenge ei miljøarbeider også på dagtid inntil vi har fått arbeidd inn rutine og tryggleik rundt jobb.

For å unngå at brukaren får mange ulike tenesteytarar og forhalde seg til bør vi tenke langturnus eller medleverturnus. Vi har etterkvart ein del erfaring med slike turnusar som er viser seg å vere veldig gode for brukaren, og med liten turnover og sjukefråvær.

Brukaren har i dag tenester i form av støttekontakt.  
Nye kostnader i 2014 vil bli om lag 790 000,-, for 2015 blir netto kostnad om lag 1 575 000,- (Refusjon frå staten er rekna inn, gitt dagens refusjonsordning)

#### **Brukar 2:**

Ny avlastning kvar måndag etter skulen: ressursbruk 0,2 årverk – kr 112 000,-.

#### **Brukar 3:**

Ny utviklingshemma brukar med tilleggsdiagnose epilepsi flytta inn i helsetunvegen hausten 2013, vi har ikkje bedt om meir ressursar tidlegare. Men no er situasjonen endra fordi inntil om lag 1. juni 2014 har ho eit tilbod på dagtid i vidaregåande skule. Etter denne tid må vi gi ho eit dagtilbod i kommunen. Ho treng miljøarbeider i 100% stilling – dvs. årleg kostnad 560 000,-  
Vi slit også med å dekke opp alle kveldar og helgar rundt henne- ho er ei ung jente som har krav på noko aktivitet på kveld og i helg. Hittil har vi brukt ekstrahjelp budsjett i forhold til dette – men vi ser at det går galt budsjettmessig. For å vere edruelege og realistiske – ber vi om å få dekkja opp 2 kveldar pr veke – og vil fortsatt forsøke å sy saman ressursar øvrige kveldar og på helg.  
Dette betyr 0,4 årverk – kr 224000,-  
Totalt 784 000,-. Denne brukaren var det ingen refusjon på i fjor fordi ho kom inn med full tyngde på slutten av året. For 2014 vil vi få refusjon 80% av kostnader over ca 1,5 mill.

#### **Brukar 4:**

Ny avlastning med 1 helg pr mnd frå fredag til måndag – 0,3 årverk gir kr 175 500,-

#### **Brukar 5:**

Har blitt for gamal til å jobbe på Vinn. Han blir pensjonert frå Vinn til sommaren og vil trenge oppfølging på dagtid tilsvarande 0,6 årverk = 336 000,- minus vederlag for VTA arbeidsplass på om lag 55 000,- = kr 280 000,-

### **Investering 2015:**

- Forprosjekt 8 nye omsorgsbustader for funksjonshemma. Knytta til området i Kristenbråten.  
Gode tilskotsordningar i Husbanken ut 2015 gjer at vi bør forsøke å gjennomføre planarbeidet og få nødvendig dokumentasjon på plass innan utgangen av 2015.
- Inventar i nybygget med kontor og fellesareal.